

---

## Elskhugsstemna (Nyst munde...)

---

1) Nyst munde det regna så såre,  
og det dryper av tre og av runn;  
vind og stein, furugrein hev deg rive,  
dei hev slite di kåpa isund.  
Om det regnar og snor,  
om det stormar av nord,  
uti hugen så leikar dine ord!

2) Eg kan sjå det på augo så klåre  
at du nyss gjekk og tårone gret;  
regn og vind, sorg i sinn, gråt i auga  
du som heve den hugen så lett!  
Kvar den tåra som fall  
og så fagnaden all  
heve du då åleine uti vald.

3) Kor du gjeng, på din veg vil eg breia  
kvar ein blom, kvart eit angande blad.  
Fugl på grein, kvar og ein vil eg beda -  
skulo kveda og kvitra deg glad.  
Lat dei anga for vind,  
lat dei syngja i lind,  
vist dei inkje kan svæva mitt sinn.

4) Men i morgon når soli ho stiger,  
fyre moder di bøni eg ber,  
og eg bed henne blid som det høver:  
fær eg vera deg sonen så kjær?  
Sjå det ljosnar i li,  
vinden leikar så blid;  
du skal vera min ven i allan tid.

Teksten er laga av den danske folkeminnegranskaren Svend Grundtvig (1824-83), og er truleg omsett til norsk av Ingvar Bøhn. Tonen er ein folkemelodi frå Jylland. Det er ukjent kven som har laga dansemåten. Visa med dansemåte kom med i NF II i 1925.

### Dansemåte:

Først 4 folkevisesteg. (Det er vanleg med eit svikt som opptakt til stega.) Til teksten "(Om det) regnar og snor, om det stormar av nord" dansar alle 4 gåsteg inn i ringen (byrje på venstre), og 4 gåsteg utatt (rygge). Så eit folkevisesteg resten av visa. Vi held fram med neste vers utan stopp. Ein kan syngje vekselsong, men det er ikkje så vanleg.